

Pågår det svartmaling eller skjønning av helsevesenet?

Kafka på Ullevål



Alf Skjeseth
FOKUS

«De andre er grå i ansiktet. Datajournalen har vært nede i mer enn én time – alt er forsinka. Kari kan heldigvis jobbe litt lenger i dag for å komme å jour.»

Overlege Tor Einar Calisch ved intensivavdelinga for nyfødte ved Oslo universitetssjukehus er nesten ferdig med nok ein dag på jobben. Han sykklar heimover og tenkjer at han har verdas beste jobb – tenk å kunne redde alvorleg sjuke barn. Men skildringa hans, som skal vise kor mange tidstjuvar, byråkratiske hinder og datakræsj ein lege kan møte på ei travel sjukehusvakt, verkar for utanforståande som frå ein Kafka-roman.

I staden står dette i boka «Ny helsepolitikk», som kjem ut i dag. Torgeir Bruun Wyller og Heidi Haukelien, som står i spissen for Helsetenesteaksjonen, er redaktørar for ei rikhaldig artikkelsamling. Dei skriv at alle bidragsytarane er overtydde om at utviklinga i helsevesenet går i feil retning, trass i kvalitetane vi har med store ressursar og ein hærskeare helsearbeidarar av beste merke.

Mykje av skytset inngår i velkjente oppgjer med helseføretaksmodellen og New Public Management,

men er deira premiss riktig, samla sett? Om ein samanliknar hovudbodskapet og dei mange eksempla frå boka med helseminister Bent Høies sjukehustale for to veker sidan, må ein nærast gripe til det nye omgrepet alternative fakta.

Wyller, Haukelien & co og helseministeren ser ut til å leve i kvar sin røyndom. For sjølv om Høie ikkje gjev eit einsidig glansbilete, er hans bodskap det motsette av at utviklinga går i feil retning. Han leksa opp ei lang skrytliste etter tre år med blå regjering, toppa med at tida i sjukehuskø går ned. Han er mest kritisk til ulike sider ved tvangsbruk i psykisk helsevern, som

«Dei med den kvite frakken på skildrar ein prekær kvardag»

særleg VG og Stavanger Aftenblad har rulla opp.

Kvar ein står, er avhengig av kvar ein sit. Barnelegen Tor Einar Calisch har følge av mange som med den kvite frakken på skildrar ein prekær kvardag på felt etter felt. Mykje er produkt av styrings-systemet som har invadert offentleg sektor dei siste tiåra. Det er langt mellom tilstanden som stig fram frå boksidene og Høies noko høgstemte visjon om å «skape pasientens helseteneste».

Helsesektoren er så komplisert og samansett at alle kan finne materiale til støtte for sine oppfatningar. Wyller og Haukelien åttvarar mot det vi kan kalle

anekdotiske bevis, altså dei tallause eksempla på at helsevesenet fungerer på sitt beste når vi som mest har bruk for det – ved ulukker og alvorleg sjukdom. Dette er verkeleg ein kvalitet som ikkje er å kimse av. Men forfattarane meiner at slike personleg opplevde historier skuggar for at vi held på å utvikle eit velferdssystem som liknar på land vi ikkje vil samanlikne oss med. Som USA, der fattigfolk blir overlate til seg sjølve og familien, eller land i Sør-Europa, der omsorgsansvaret for barn og eldre ligg på kvinnene.

Elefanten i operasjonssalen er trengt opp i eit hjørne. Bent Høie

var i opposisjon sterkt kritisk til føretaksmodellen, som vart innført med Arbeidarpartiet ved makta. No gjekk han i sjukehusstalen ikkje inn

på eigar- og styringsmodellen i det heile tatt. Haukelien og Wyller kjem med 20 konkrete forslag til ein betre helsepolitikk. I punkt 16 seier dei at «tiden er overmoden for å avvikle foretaksorganisering av sykehusene, men fortsatt er alternativene uklare». Uansett eigarmodell meiner dei at sjukehusa må bli underlagt direkte politisk styring og at prinsippa for budsjett og rekneskap må vera som i offentleg sektor elles.

Dersom Ap slepp å gå i skyttar-grava for føretaksmodellen, kan dette lyde som program for ein raudgrøn helseopposisjon i valåret. Les og tenk.

Alf Skjeseth

alfs@klassekampen.no